

# MØTEBOK

## REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL



**Møtedato:** 29.august 2008, kl. 09:00 – 14:00  
**Stad:** Nes, Nesbyen Golfalpin

**REGIONRÅDET  
FOR HALLINGDAL**

### Desse møtte frå Regionrådet:

Erik Kaupang,	Hol kommune
Torleif Dalseide,	Ål kommune
Olaug Grønseth Granli,	Gol kommune
Oddvar Grøthe,	Hemsedal kommune
Gerd Eli Berge,	Nes kommune
Tor Egil Buøen,	Flå kommune

Rådmannsutvalet deltok i sak 45 – 48.

Knut Arne Gurigard møtte som dagleg leiar.

Frå Buskerud fylkeskommune møtte fylkeskontakt Dag Stenersen og Laila Tryde, og regionkontakt Terje Moen.

---

### SAK 44/08 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL 30.5.2008

#### Vedtak

Møteprotokoll 30. juni 2008 vart vedteke.

### SAK 45/08 KARRIERESENTER I HALLINGDAL

#### Vedtak

Regionrådet for Hallingdal og Rådmannsutvalet handsama saka om karrieresenter for Hallingdal i møte 29.8.2008.

Regionrådet og Rådmannsutvalet kan ikkje sjå at det er kome vesentlege nye opplysningar i saka, i forhold til tidlegare handsaming av saka i den einskilde kommune. Føresetnadane kommunane har lagt til grunn for deltaking er ikkje oppfylt, og det blir derfor ikkje sett som aktuelt med deltaking frå kommunane i Hallingdal.

### SAK 46/08 ETABLERING AV REGIONALT VEGSELSKAP I BUSKERUD

#### Vedtak

1. Regionrådet for Hallingdal er positiv til ei nærare vurdering av eit vegselskap, i regi av Buskerud fylkeskommune, og der kommunane i Buskerud eventuelt er deltakarar.
2. Det må gjerast nærare vurderingar av driftskostnadar for selskapet og fordeling av desse.
3. Det må avklarast om vegselskapet også kan vera eit regionalt bompengeselskap, og kva økonomiske og driftsmessige konsekvensar dette vil kunne få.
4. Det må avklarast nærare kva som skal vera dei prioriterte oppgåvene for vegselskapet dei komande 4 åra.
5. Regionrådet for Hallingdal ber Buskerud fylkeskommune vurdere om også jernbaneutbygging bør vera ein del av det nye selskapet sine oppgåver. Regionrådet syner her til Fylkestinget sitt vedtak i samband med handsaming av NTP 2010 – 2019, sak 31/08, der prioritering og forsering av jernbaneutbygging er ei høgt prioritert oppgåve.

## **SAK 47/08 "INTEGREINGS-/INKLUDERINGS-PROSJEKT I HALLINGDAL**

### **Vedtak**

1. Regionrådet for Hallingdal er positiv til ei vidare drøfting med tanke på etablering av eit "Intergrerings-/inkluderings-prosjekt" i Hallingdal.
2. Regionrådet vil vurdere koplingar mot pågåande og planlagde rekrutterings/tilflyttingsprosjekt.
3. Ei arbeidsgruppe med rådsordførar, leiar i Rådmannutvalet og dagleg leiar i Regionrådet har ansvar for vidare avklaringar med Buskerud fylkeskommune.

## **SAK 48/08 DIALOGKONFERANSE MED STATENS VEGVESEN**

Regionrådet og Rådmannsutvalet drøfta aktuelle felles problemstillingar som kunne vera aktuelle som case i samband med dialogkonferanse med Statens vegvesen, 24.9.2008.

## **SAK 49/08 "SKILTING OG TILRETTELEGGING LANGS VEIENE I BUSKERUD" PROSJEKT KNYTT TIL ATTGROING OG UTSIKTSRYDDING**

### **Vedtak**

1. Regionrådet for Hallingdal ser det som sterkt ynskjeleg at det snarast mogeleg blir sett i gang prosjekt "Utsiktsrydding Hallingdal".
2. Prosjektet skal også sjåast på som eit trafikktryggleikstiltak.
3. Regionrådet ser på prosjektet "Utsiktsrydding Hallingdal" som eit spleiselag der fleire partar må vera med, m.a. Statens vegvesen, Buskerud fylkeskommune, Fylkesmannen i Buskerud og kommunane i Hallingdal.
4. Regionrådet for Hallingdal er innstilt på å løyve inntil 1/3 av kostnadane i ein oppstartsfase, med ei øvre ramme på kr. 500.000. Midlane blir teke frå regionalt næringsfond.
5. Regionrådet for Hallingdal ser for seg at Statens vegvesen eller Buskerud fylkeskommune tek på seg ansvaret for gjennomføring av prosjektet.
6. Regionrådet ser det som svært viktig at naturlege samarbeidspartar og interessentar blir involvert i prosjektet så tidleg som mogeleg.
7. Regionrådet for Hallingdal tek ansvaret for at kommunane og reiselivsnæringa i Hallingdal blir godt representert i eventuell styringsgruppe og prosjektgruppe for prosjektet.
8. Prosjektet må klargjera system for varige rydde og skjøtselsløyser og system for partnerskap/finansiering mm.

## **SAK 50/08 DRØFTING AV FORSLAG OM RESSURS-/FAGPOOL FOR OFF. OG PRIVAT NÆRINGSLIV I HALLINGDAL.**

### **Vedtak**

Regionrådet for Hallingdal vil i dag ikkje kunne stille seg bak ei omorganisering, til Hallingdal Innovasjon.

## **SAK 51/08 ARBEID MED NASJONAL TRANSPORTPLAN 2010 – 2019**

Regionrådet drøfta vidare arbeid med NTP 2010 – 2019.

**SAK 52/08 HALLINGTINGET 26.9.2008**

Regionrådet drøfta aktuelle saker til Hallingtinget 26.9.2008.

Forutan budsjett 2009 vil gjennomføring Strategisk plan for Hallingdal og Nasjonal Transportplan vera tema. Det skal og forsøkast å invitere kommunal- og regionalministeren.

**SAK 53/08 ORIENTERING, UTTALE VEDR. SØKNAD OM GODKJENNING AV PILOTSJUKEHUS**

Saka vart tatt til orientering.

Ål 3.9.2008

Knut Arne Gurigard

Regionrådet for Hallingdal

Dagleg leiar